

Flott aktivitet og god stemning i skulemusikken.

05.02.2014



Den flotte gjengen i skulemusikken samla til grautfest hos Elins Matgleder før jul(Foto: Elin Enes)

**Årsmeldinga og rekneskapet som vart lagt fram på årsmøtet i Uskedal skulemusikk tysdag fortel om eit lag som er inne i ein periode med svært god drift. Det er tydeleg at korpsset seglar i medvind for tida og stemningen er svært god. Svært gledeleg er det og at alle styremedlemene ønskjer å halde fram etter valget, og dermed er det sikra kontinuitet i den gode drifta.**

Korpsset er no kome opp i 21 medlemmer. Desse er: Emilie Bringedal, Ida Marie Eidsvik, Vidar Eidsvik, Anine Enes, Ella Karina Hjørnevåg, Lene Myklebust(fram til sommarferien), Tørres Lekva Myklebust, Merethe Myklebust, Mia Myklebust, Helene Myklebust, Frida Nybakk, Camilla Ripel, Emma Ripel, Ann Helen Rød, Amalie Rød, Jostein Soldal, Silje Soldal, Nils Rainer S. Vågen, Simon Taranger, Thea Taranger og Hanna Tvilde.

Desse musikantane har hatt ei særdeles flott utvikling siste året under leiing av den dyktige og populære dirigenten, Tor Skeie Olsen. Sindre Aksnes har gjort ein viktig og god jobb som instruktør for dei tre slagverkarane. Dessutan er besetningen blitt breiare og betre. Musikantar har skifta instrument, og dermed har både tuba og trombonar kome på plass i løpet av sesongen.

I tillegg til dei faste tysdagsøvingane har dei hatt fleire helgeseminær for å heve det musikalske nivået. Framgangen har m.a. bygdefolket fått oppleve ved ulike opptredenar. Ekstra pris sette dei på at det i fjor var feiande flott marsjspeling i 17.-mai-toget i bygda igjen!!



Tor Skeie Olsen er inne i sin tredje sesong som dyktig og populær dirigent i korpset.

I tillegg til det musikalske har det også vore lagt vekt på kjekke sosiale aktivitetar for musikantane. Vi nemner at dei har vore på Blåtur til Svartatjønnshytta på Valen, dei har hatt filmkveld med noko godt attåt hos Elin Enes, og så har dei sjøvsagt også dette året hatt den tradisjonsrike grautfesten før jul.



Slagverksgruppa får god opplæring av Sindre Aksnes.

Rekneskapet fortel om svært god økonomisk drift. I årsmeldinga karakteriserer styret salge av adventskalenderar som årets beste idé og marknadsføring av Uskedal skulemusikk. Kjøparane er nok enig. Derfrå har vi gjentekne ganger hørt karakteristikken: ein genistrek! Elles har det vore gode inntektekter frå andre arrangement som basar. I tillegg legg vi merke til at styret er flinke til å halde oversikt og søkje på aktuelle stønadsordningar.

Første helga i april skal korpset arrangere stort helgeseminar for alle skulekorpsa i kommunen. Dette er mogeleg etter at dei er blitt tildelt 60.000 kr frå Sparebank1 Stiftinga Kvinnherad.



Trombonar er på plass i korpset att. Mia og Emilie starta i haust.

Årsmeldinga fortel elles at kommunikasjonen mellom styret, foreldre og medlemmer er blitt lettare og bretere dette året etter at dei har opprettet eiga Facebook-gruppe. Fleire dugnader har dei og hatt. Rydding av lager og oversikt over instrumentpark og eigendeler har stått på programmet.

Det er gjort mykje svært godt arbeid gjennom året, og det er derfor svært gledeleg at valget fekk det utfall at alle i styret held fram. Styret gjev i årsmeldinga uttrykk for at dei er svært takksame for den støtta dei opplever frå mange hald i arbeidet sitt.

Desse har vore tillitsfolk i årsmeldingsåret:

Styret: Haldis A. Åkre(leiari), Hilde Bringedal(kasserar), Anette Sund, Lene B. Taranger og Anja Strûter(styremedlemmer).

Basarnemnd: Janne G. Hjørnevåg og Hege Lekva

Rekneskapsansvarleg: Randi Nybakk.

Motivasjonsgeneral: Elin Enes.

Uniformsforvaltar: Bente Hovden

Materialforvaltar: Steinar Naterstad

Revisorar: Frode Sæbø og Thor Inge Døssland.

Av: Thor Inge Døssland

Nett: Thor Inge Døssland